

Økologisk landbruk i Rogaland



Utgitt av: Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelingen

Årgang 11 Nummer 1

Januar 2013

Fag- og inspirasjonssamling for økologisk landbruk 1.-2. mars 2013

Fag- og inspirasjonssamlingen er eit årleg møtepunkt for bønder med økologisk produksjon, forbrukarar og andre som er interessert i økologisk landbruk.

Samlinga går av stabelen i det historiske hotellet **Gamla Værket i Sandnes** sentrum.

Eit hotell med sjel i det tidlegare bygget til *Sandnes Tag- og Mursteens-Fabriq*. For meir enn 200 år sidan blei dette grunnsteinen for teglverks- og potteriindustrien i Sandnes. Og det vises i dei flotte lokala! Heile hotellet er reservert for fagsamlinga. Dei nyttar nokre økologiske råvarer til vanleg og vertskapet lova å strekke seg litt ekstra for å ordne med mest mogleg økologiske råvarer for oss både til lunsj og middag.

Kost og losji blir dekket av deltakarane medan fagprogrammet i 2013 er finansiert gjennom handlingsplanen for økologisk landbruk i Rogaland og bladet Økologisk Landbruk. Medarrangørar er Oikos Rogaland og Norsk Landbruksrådgiving.

Meir om program og påmelding på side 2.

Gamla Værket ligg i Sandnes sentrum, eit steinkast frå togstasjonen.



Adresse: St. Olavsgata 38,
4306 Sandnes, tlf 5168 5170
www.gamlavaerket.no



Midlar frå Handlingsplan for økologisk landbruk, søknadsfrist: 15 februar 2013

Midlane kan brukast til prosjekt i heile verdikjeda frå jord til bord for å auke produksjonen og omsetnaden av økologisk mat.

Fylkesmannen i Rogaland disponerer i 2013 kr 425 000 til oppfølging av regional Handlingsplan for økologisk landbruk. I tråd med Statens landbruksforvaltning sine prioriteringar vil Fylkesmannen fokusere spesielt på prosjekt som fremmer marknadsføring og auka privat forbruk av økologisk mat.

Søknadsfrist: 15. februar 2013

Ved spørsmål, ta kontakt med Annabell Pfluger, telefon 51 56 89 71 eller e-post fmroapf@fylkesmannen.no

Handlingsplanane for økologisk landbruk i Rogaland kan lastast ned frå www.fylkesmannen.no/rogaland, trykk i menyen på landbruk/ økologisk landbruk

Pene tal for sal av økologisk mat

At forbrukarane er interessert i økologisk mat om det blir gjort lett for dei å få tak i han, syner dei oppløftande tala frå fleire av dei store butikk-kjedene. Tre veker etter at Kiwi-butikkane kutta prisen tilsvarende mosen, hadde dei fått ei auke i omsetnaden av øko-produkt på heile 56 prosent. Dei har òg auka utvalet og har no heile 78 øko-produkt i dei beste butikkane.

I Coop Extra og Mega butikker, som hadde same pris på økologisk og ikkje-økologisk frukt og grønt i 2012, auka salet med 55 prosent, samanlikna med året før.



Nyheitsbrevet er eit gratis informasjonsblad som blir sendt til økologiske produsentar, medlemmer i Oikos Rogaland, landbruksforvaltninga i kommunane og andre aktørar som ønskjer informasjon om økologisk landbruk.

Ønskjer du ikkje å ta imot brevet eller å få tilsendt brevet elektronisk, gi melding til Annabell Pfluger, 51 56 89 71/ fmroapf@fylkesmannen.no

Med atterhald om endringar og trykkfeil.

Fag- og inspirasjonssamling for økologisk landbruk

1.-2. mars 2013

Program

Foto: A. Pfluger



Fredag 1. mars

- 09:30 – 10:00 **Registrering**
- 10:00 – 12:15 **Årsmøte Økologisk Landbruk**
- 10:00 – 12:15 **Årsmøte Oikos Rogaland**
- 12:15 – 13:15 **Lunsj med øko-snadder**
- 13:15 – 13:25 **Velkomst** Alexander Rügert-Raustein, Økologisk Landbruk og Annabell Pfluger, Fylkesmannen i Rogaland
- 13:25 – 14:00 **Økologisk utvikling i eit visdomsperspektiv** Vidar-Rune Synnevåg, redaktør av boka «Framtidsfrø»
- 14:00 – 15:45 **Forum for driftsbygg:**
Byggjeprosessen – hjelpen er nær! Om utfordringar og rådgjevingstilbod Hallgeir Gravelseter, NLR Rogaland
- Mjølkerobot og klømaskin – eit moderne lausdriftsfjøs** Geirmund Øglend, bonde, Noredalen i Sandnes
- Sjølvgjort er velgjort – om sjølvbygd drivhusfjøs** Ruedi Huber, bonde, Karmøy
- 10 min **Pause og beinstrekk**
- Leilegheit i siloen - ei kreativ omdisponering** Martin Aeschlimann, bonde, Vindafjord
- Sauehus i heiltre - miljøvennlege og estetiske byggematerial** Alexander Rügert-Raustein, bonde, Randaberg
- Oppsummering, spørsmål og diskusjon**
- 15.45 – 16:00 **Pause med litt å bite i**
- 16:00 – 18:00 **Gardsbesøk: Erga gard - ein stad for det gode liv. Garden ligg i naturreservatet ved Orrevatnet i Klepp kommune. Bustadhus av Gaia arkitektar, sjølvbygd veksthus, halmhus til kurs, ammekyr.** Ingvald Erga, bonde, artikkelforfattar i boka «Framtidsfrø», rådgivar i Grønn Hverdag. Transport i privatbilar eller buss.
- 18:00 – 19:00 **Fri**
- 19:00 **Festmiddag**

Foto: G. Brennhaugen



Laurdag 2. mars

- 09:00 – 09:10 **Kan plantevernmiddelet imidakloprid vere årsak til auka biedød?** Geir Paulsen, Bioforsk Vest Særheim
- 09:10 – 09:45 **FORUT – Næringsforsyning og produktivitet i økologisk grovfôrproduksjon** Geir Paulsen, Bioforsk Vest Særheim
- 09:45 – 10:00 **Pause og kaffi**
- 10:00 – 10:40 **Kven eig plantemangfaldet, kva rett har bonden?** Regine Andersen, Oikos Økologisk Norge
- 10:40 - 11:25 **MaJoBo - Mat og jord der du bur. Om dyrking av mat i by.** Maiken McCormick, Gaia Agenda
- 11:25 - 12:25 **Lunsj med øko-snadder**
- 12:25 - 13:00 **Mellom byutvikling og jordvern: forskingsbasert kommuneutvikling.** Eit samarbeid mellom Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling og Sandnes kommune, Dag Jørund Lønning, rektor HLB
- 13:00 - 13:35 **Økofestivalen i Sande – ein suksesshistorie om offentleg-privat samarbeid.** Anita Panman, prosjektleiar Økologisk framtid
- 13:35 – 13:55 **Pause med litt å bite i**
- 10 min **Spasertur til KinoKino (400m)**
- 14.15- 15:45 **”Crops of the future” – ein film om korleis 9 milliardar menneske kan bli mette utan bruk av kjemiske sprøytemiddel i landbruket. Den prislønte franske regissøren Marie-Monique Robin har laga fleire kritiske filmar om mat, industri og makt, blant anna «The world according to Monsanto». Engelsk tale.**

Med atterhald om endringar.

Priser (per person)

Full kurspakke i dobbelt rom inkl. festmiddag	kr 2.180.-
Dagpakke fredag inkl. lunsj og festmiddag	kr 1.115.-
Dagpakke laurdag inkl. lunsj	kr 575.-
Tillegg for enkeltrom	kr 300.-

Både lunsj og middag vil vere basert på økologiske råvarer.

Påmelding

Påmelding på www.fylkesmannen.no/rogaland
Sjå nede på nettsida og klikk deg vidare til ”Kurs og konferansar”. Påmeldinga er bindande.
Viss du ikkje har tilgang til nett, ta kontakt med Annabell Pfluger (sjå nede).

Påmeldingsfrist: onsdag 20. februar 2013.

Spørsmål? Ta kontakt med Annabell Pfluger på tlf 51 56 89 71, fmroapf@fylkesmannen.no eller Alexander Rügert-Raustein på tlf 51 41 83 41, b-raust@online.no

Nytt frå Oikos Rogaland

Oikos Rogaland held årsmøte 1. mars

Alle medlemmer i Oikos Rogaland er invitert til årsmøte **fredag 1. mars frå klokka 10 til 12.15**. Årsmøtet blir halde på Gamla Værket i St. Olavsgate 38 i Sandnes. Eiga innkalling blir send ut, men om nokon har saker dei ønskjer at årsmøtet skal handsame, må styret få dei **seinast 1. februar**. Send sakene til styreleiar Gabriele Brennhagen, anten på epost til rogaland@oikos.no, eller med snigleposten til Oikos Rogaland /v Fylkesmannen i Rogaland, Pb 59, 4001 Stavanger.

Landsmøte i Oikos - lyst å delta?

Har du lyst å lære meir om Oikos Økologisk Norge, eller å påverke arbeidet i organisasjonen? På landsmøtet blir planer og satsingsområde debattert. Landsmøtet holdast på Sogn Jord- og hagebruksskule i Aurland i Sogn frå 15. til 17. mars. Tre medlemmer frå Rogaland kan representere fylkeslaget, og viss du kunne tenke deg å delta, vil styret gjerne vite om deg. Send en e-post til rogaland@oikos.no innan 13. februar, så er du med som kandidat når årsmøtedeltakare skal gjøre val den 1. mars.

Ny dagleg leiar i Oikos Økologisk Norge

Regine Andersen tok over som dagleg leiar i Oikos Økologisk Norge ved årsskiftet, etter at Maiken Pollestad Sele hadde vore mellombels leiar ei tid.

Regine kjem frå ei forskarstilling i Fridtjof Nansens Institutt, der ho har jobba mykje med bøndene sin rett til å eige dei genetiske ressursane. Ho har doktorgrad i statsvitskap og har òg bakgrunn frå utviklingsarbeid, strategi- og kommunikasjonsarbeid og som styreleiar i Regnskogfondet. Regine er ein av innleiarane på fagkonferansen i Sandnes laurdag 2. mars, som du kan lese meir om på side 2 i dette nyhende brevet.

Oikos - økologisk Norge er en interesseorganisasjon for økologisk mat og landbruk. Hovudkontoret ligger i Oslo, og Oikos Rogaland er eit regionslag med eget styre og aktivitetar. Styreleiar er Gabriele Brennhagen.

Ø-kveld 7. februar - ein uformell økopratt

Lyst å drøse med andre øko-interesserte? Eit par-tre gonger i året arrangerer Oikos Rogaland såkalla "Ø-kveld". Den neste blir torsdag 7. februar. Følg med på facebook "Økologisk Rogaland" for tid og stad.

Øko-prosjekt skal gå vidare

Dei siste 4 åra har Stavanger og Sandnes kommune hatt eigne prosjekt for å auke bruken av økologisk mat i barnehagar, kantiner, skuler og andre kommunale innretningar. Særleg i barnehagar har det vore stor interesse, og mange brukar økologisk mjølk og ein del andre varer.

Frå 1. april til 1. august skal prosjektleiar Gabriele Brennhagen ha permisjon, og etter den tid blir stillinga sett ned til 40%. Dei som ønskjer hjelp til å kome i gang med øko-mat skal framleis få det, men det blir ikkje så mange store og opne arrangement som tidlegare år. Dei månadlege øko-marknadene i sommarsesongen i Stavanger fell vekk, men laurdag 14. september vonar prosjektleiaren at alle produsentane i Rogaland vil bli med å selje produkt sine på ein «miljødag» i Stavanger sentrum. Då vert det òg små foredrag for dei som vil læra meir om økologisk mat.



Foto: G. Brennhagen



Mjølkekartongkjendisar

frå øko-mjølka, Åslaug Årsland og Lars Kristian Grude, er nå også å sjå på youtube!

<http://www.youtube.com/watch?v=aHegKoopHmU>

Foto: Tine

Utgitt av:
Fylkesmannen i Rogaland,
landbruksavdelinga
Pb 59, 4001 Stavanger

Ved Annabell Pfluger
E-post: fmroapf@fylkesmannen.no
Tel: 51 56 89 71

Foto: Solgard



Synest du det er vanskeleg å få tak i økologiske produkt? Prøve dette!

Håpet Økologisk AS

Er ein Stavangerbedrift som blei etablert i 1997. Kasser med økologisk frukt og grønt blir levert på døra i Stavanger, Randaberg og sentrale plasser i Sandnes og Sola. Kundane kan logge seg inn og justere mengder og produkt i kassen og velje mellom levering kvar eller annankvar veke. Passar også for bedrifter som fruktkasse. Håpet Økologisk prioriterer økologiske produkt frå regionen.

www.hapet.no, tlf 51 82 82 51, kundenservice@hapet.no

Middagshjelpen AS

To søstre som er opptatt av mat og velvære planlegg og leverer middagen din på døra. Posen inneheld råvarene, oppskrifter og middagstips for ei veke og blir levert kvar eller annankvar veke. Middagshjelpen vel økologiske varer så langt det lar seg gjere. Leverer i Stavanger og nærleiken.

www.middagshjelpen.no, tlf 472 50 743, post@middagshjelpen.no

Solgard AS

Solgard, abonnementsteneste frå Øko-kompaniet, har utvida verksemda og leverer nå også til Stavanger, Sandnes, Randaberg og store delar av Jæren. Her kan du teikne abonnement på økologisk frukt og grønt eller brød- og frukostpakke på døra. Prøv søkemotoren på nettsida for å finne ut om dei leverer til deg.

www.solgardlevert.no, tlf 33 77 76 70, post@solgardlevert.no

Økologiske Dagligvarer AS

Kåra fleire gonger til Noregs beste øko-butikk. Godt vareutval og service i butikken på Ullandhaug Økologisk Gard, Ullandhaugveien 150 eller i Langgata 2 i Stavanger.

www.mat-med-mening.no, tlf Ullandhaugveien 51 87 29 50, tlf Langgata 51 87 29 51

Rett frå produsenten

Eit hefte om korleis du får tak i produkt rett frå produsenten, tips om spisestader med meir kan du bestille ved å ta kontakt på fmroapf@fylkesmannen.no eller 5156 8971.

Stadig aukande utval av økologiske produkt finn du også i **Coop, Meny, Kiwi** og andre kjedebutikkar. Spør i butikken viss du ikkje finn det du leitar etter.

Oppdatering av e-post-adresser

Fått ny e-postadresse? Du får nyheitsbrevet som papirutgåve og vil heller har den på e-post? Vi informerer fortløpande om arrangement via e-post. Om du registrere deg med e-postadresse er du nærare det som skjer og vi kan enklare nå deg!

På Kalenderen:

7. feb
ø-kveld,
tid og stad: følg med på
Facebook - Økologisk Rogaland

1.-2. mars
fag- og inspirasjonssamling
for økologisk landbruk,
Sandnes

2. mars
filmvisning kl 14:15
Kinokino, Sandnes

"Crops of the future" –
ein film om korleis 9
milliardar menneske kan
bli mette utan bruk av
kjemiske sprøytemiddel i
landbruket. Den prisløn-
te franske regissøren
Marie-Monique Robin
har laga fleire kritiske
filmur om mat, industri
og makt, blant anna
«The world according to
Monsanto». Engelsk tale.

1. juni
folkefrokost

facebook:
Økologisk Rogaland

